

IDRETTSMINNE:

Fyrste langrennet i Velledalen

Edvard Drabløs (1883-1976) i Barbrogarden fortalde ein gong om det fyrste langrennet i Velledalen. Året var truleg 1903.

Lærer C.E. Tandstad (1875-1938) arrangerte dette rennet. Han var lærar i periodar både i Dravlaus-skulen og i Brøvoll-skulen. Det var mykje snø, minstest Edvard, slik at skiløypa var svært laus.

- Bror Ole (f. 1886) var òg med. Vi var mest redde for Lars-Lars på Hjortdal. Han var høgreist, sprek og sterk. Ole og eg, som var kortvaksne, hadde lite å fare med mot denne atleten, trudde vi.
- Starten gjekk. Vi var vel om lag tjue ungdomar i løypa. Lars-Lars rende forbi oss som eit møneføk. Men han spende så hardt ifrå at han fleire gonger ramla ut i djupsnøen slik at vi småkarane kunne smette forbi. Eg vann 1.premie den gongen. Ole tok 2.premie. Ingen kunne tru at resultatet vart slik.

Langrenn 1907. Etter vel tre år i Amerika kom lærar C.E. Tandstad heim. I 1907 arrangerte han eit nytt langrenn. Denne gongen vann Ole Drabløs i Barbrogarden 1. premie. Premien var ei slipsnål med ein liten gullklump frå ei gullgruve i Alaska.

- Slipsnåla miste eg fleire år seinare. Det var forargeleg, fortalde Ole. Den gongen vart han Edvard bror nr.2.

Jostein Drabløs